

MK Kraft AS
post@modalenkraftlag.no
Balane 39
5729 Modalen

Dato: 09.04.2025

Noregs Vassdrags- og Energidirektorat (NVE)
Energi og konsesjonsavdelinga
nve@nve.no
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

**UTTALE FRÅ MK KRAFT AS
TIL SAKSNUMMER 201914739 MED TILLEGG EVINY FORNYBAR AS
«SØKNAD OM MIDLERTIDIG FRAVIK FRA MANØVRERINGSREGLEMENTET FOR
MODALSVASSDRAGET FOR VANNSLIPPING VED ALMELID» AV 01.04.2025**

Eviny Fornybar AS (Eviny) har søkt om midlertidig fråvik frå konsesjonsvilkår angående minstevassføring den 01.04.2025 og MK Kraft AS (MK) er invitert til å gi kommentarar til søknaden om endring i manøvrering i ei avgrensa høyring med frist 09.04.2025.

I søknaden frå Eviny samt tilleggssvar frå NVE kjem det fram to ynskjer/krav til MK:

1. Ynskje om å halda vassføring over Hellandsfossen til eit minimum.
2. Krav til at finmaska varegrinder er installert kunn ved inntaket i Hellandsfossen

For 1:

MK registrerer ynskje og aksepterer å halde produksjon for å hindre overløp over Hellandsfossen med atterhald om eventuelle driftsavbrot/vedlikehald og minste/maksimale slukeemne. MK vil også påpeike at anlegget har slukeemne til å halda vasstanden opp til om lag 11 m³/s under normal driftssituasjon. I inneverande periode er det lagerhavari på ei maskin, som er forventa utbetra, som gir midlertidig redusert slukeemne på om lag 6 m³/s.

Om det er ynskjeleg med betre sikring mot tørrlegging på strekninga Hellandsfoss-Mo og høgare vassføring i restfeltet har MK emne til å syta for energiproduksjon for eventuelt slipp frå Almelid/Hellandsfoss opp til beskriven vassføring som er vidare beskrive i vår uttale (14.01.2025 punkt. 1)

For 2:

MK har plassert finmaska varegrinder som beskrive i vår høyringsuttale 14.01.2025 etter rådføring med Modalen Elveigarlag på vårt inntak i Hellandsfossen frå midten av mars. Dette er noko tidlegare enn normalt (april-juli) men blei vurdert hensiktsmessig grunna mild vinter der truleg smolt kunne ha utvandring (innspel frå elveigarlaget).

Plassering av dei finmaska varegrindene er eit tiltak me har gjort på eige initiativ i påvente av permanente tiltak når me blei klar over skadepotensialet kraftverka har for nedvandring av fisk (både Eviny og MK sitt anlegg).

Som også påpeika i vår uttale (14.01.2025 punkt. 3) er ikkje dei finmaska varegrindene optimale i høve smolt, med for stor maskestørrelse (18 mm) og vertikal orientering som beskrive i [1]. Varegrindene blei utforma etter spesifikasjonar frå Eviny og forskingsprosjektet om skade på smolt som blei gjennomført frå 2022 til 2024 og publisert i [2].

MK sitt anlegg er konsesjonsfritt og eventuelle vilkår langs Modalsvassdraget er slik vi tolkar det underlagt regulanten/Eviny.

Om det kjem krav til bruk av finmaska varegrinder som permanent løysing som barriere mot fiskevandring ynskjer MK at regulanten/Eviny bidreg med ressursar i den midlertidige fasen samt syt for ei meir optimal og permanent løysing for inntaka i Modalsvassdraget. Forskingsgrunnlaget samt dialog med Voss Energi/Palmafossen som er del av utarbeidinga av «mønsterpraksis» [1] gir at eit relativt stort flateareal (låg vasshastigheit) og finmaska opningar (15 mm) med horisontale orientering gir god barriere for fisk og driftstryggleik (sjå vidare underlag i vår uttale).

Spesifikt meiner MK at regulanten/Eviny bør:

- spesifisera perioden dei finmaska ristene skal være i bruk
- stilla tilgjengeleg ressursar/teknisk innretning for montasje og vedlikehald/grindreinsking
- vurderer maskestørrelsen i varegrinder og eventuelt fylgja råd i oppdatert kunnskapsgrunnlag
- bygga om inntaka til å fylgja «mønsterpraksis» som permanent løysing som står meir i samanheng med alternativ nedvandring

Grunngjeving med kjelder for vårt syn på tilhøva vår høyringsuttale av 14.01.2025.

Med helsing
MK Kraft AS

Simon Flatekval
Dagleg leiar

1 Referansar

- [1] H.-P. Fjeldstad, U. Pulg, og T. Forseth, «Sikker toveis fiskevandring forbi vannkraftverk : kunnskapsoppdatering og mønsterpraksis», SINTEF, Report, feb. 2018. [På nett]. Tilgjengeleg på: <https://sintef.brage.unit.no/sintef-xmlui/handle/11250/2486255>
- [2] S.-E. Gabrielsen *mfl.*, «Vurdering av overlevelsen til laksesmolt i Modalselva ved bruk av telemetri», *Vurdering av overlevelsen til laksesmolt i Modalselva ved bruk av telemetri*, 2024, [På nett]. Tilgjengeleg på: <https://norcereasearch.brage.unit.no/norcereasearch-xmlui/handle/11250/3138458>